

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 26.11.2019

Desse møtte: Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, Bjørg Djupvik Grebstad, Morten Hjellegjerde, Therese Utgård, Tor P. Mørkeseth, Linn Tårnes.

I tillegg møtte: sokneprest Simen N. Myklebust.

Forfall meldt : May Lisbeth Hovlid Aurdal.

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjestova

Tid : 19.00

Torbjørn Støylen hadde opning.

Sak 28/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sakliste og innkalling vart godkjent.

Sak 29/19 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 24.10.2019

Referatet vart godkjent slik det ligg føre.

Sak 30/19 Soknerådskurs : Tankar, lærdom og evaluering.

Nesten alle i rådet hadde vore på soknerådskurs.

Det kom fram under samtalen fylgjande spørsmål: Er vi langt frå å vere registrert som Grøn kyrkjelyd? Vi tek dette opp på eit seinare møte og ser kva som står att før vi kan registrere oss som Grøn kyrkjelyd.

Har vi sorggrupper? Sorggrupper står som eige tiltak i Diakoniplanen. Tiltaket er ikkje sett i gang.

Sak 31/19 Oppfylgingssak 14/19

Korleis presenterar vi oss som kyrkjelyd? Monica Breivik Orre innleidde. Vi tok opp tråden frå visjonssamlinga frå 2017. Kvar er vi no?

Er vår kyrkjelyd ein open "heim". Tankar og visjonar vidare.

«Bli kjent» på kirkecaffien ein gong i blant. Det kom forslag om at vi nokre gonger i året kan ha eit innslag på kyrjekaffien med temaet «Bli kjent»


Det vart brukt ein del tid på desse spørsmåla som ligg i «Tankar og visjonar»

Det var ynskje om at vi snakker meir om dette temaet på neste møte. Kanskje vi skal bruke litt tid på kvart møte der vi snakkar om «Kvar vi er no?»

Sak 32/19 Trusopplæringsplanen i prosess.

Vi fekk besøk av Kathrine Numme som orienterte. Trusopplæringsplanen vert framlagt når den er klar. Utvalet arbeider med planen og ser seg ferdig i januar 2020. Vi sender eksisterande plan ut til SR pr.epost.

Trusopplæringsplanen kjem til godkjenning i soknerådet på nyåret ein gong.



Sykkylven sokneråd

Sak 33/19 Oppfylgingssak 27/19: Datoplan og møtedagar Sykkylven sokneråd 2020.

Tysdagar kl.19.00 vert møtedag for Sykkylven SR.

a. Datoar: sjå vedlagte oppsett der også ansvar for mat og opning står.

b. Besøk av staben i møta. Ved høve.

c. Ansvarsfordeling : Kirkens Sos : Torbjørn Støylen

Fasteaksjonen : Janne Svindset / Morten Hjellegjerde

BUF utvalet : Monica Breivik Orre

Sak 34/19 Offerliste 2020

Fordeling av offer har vore «Utoffer» 60% og «innoffer» 40%.

Med tanke på at vi har nettopp tilsett diakon, må vi sørge for nok midler til stillinga. Sjølv om vi har fått tilskot frå Bispedømerådet og at vi har eit eige fond for diakon, må vi tenke framover. Difor vil soknerådet endre på regelen om fordeling av «utoffer og innoffer»

Vedtak: Fordelinga vert for neste år utoffer 45% og innoffer 55%.

Simen og Torbjørn ser på fordelinga av offerlista for år 2020.

Offer på gudstenestene på Julaftan: Første gudstenesta: NMS og andre gudstenesta: Kirkens Bymisjon.

Sak 35/19 Cembalo

Vi har hatt eit cembalo på lån sidan 2014. Kantor Rose Iren Stave ynskjer at vi kjøper dette no. Vi har fond for musikkarbeid vi kan finansiere deler av dette kjøpet frå.

Vedtak: Soknerådet kjøper instrumentet for kr. 75 000,- Deler av beløpet tek vi frå «Fond for musikkarbeid»

Resterande beløp vert forskotert frå andre fond. Inntekter på komande konserter må gå inn på fond for musikkarbeid. Komiteen som var i arbeid med innsamling til instrumentet vert oppfordra til å arbeide vidare med dette.

Sak 36/19 Endring av sats for husleige kyrkjekjellaren.

Vedtak: Sats for leige av kyrkjestova inkl. kjøken blir auka frå


kr. 1 250,- til kr. 1 500,- Det er same sats som Ikornnes kyrkje har i dag.

Sak 37/19 Diakoniplan

I diakoniplanen har vi under Årshjulet for november : Evaluering av Seniordag og Hausttakkefest. Har vi noko vi kan ta lærdom av til neste års arrangement? Saka vart utsett til neste møte.

Orienteringssaker : «Tidslinje» til skulane. Det er avtalt med skulane om kjøp.

Det var ynskjeleg at på neste soknerådsmøte vert rådet orientert om status for økonomien, kor mykje kjem inn via fast gjeverteneste og oppstillinga over fond.



Sykkylven sokneråd

Vedlegg referat frå sak 14/19

Korleis presenterer vi oss som kyrkjelyd?

Saka er ei vidareføring av tråden frå visjonssamlinga frå 2017. Monica Breivik Orre innleia. Ho tok fram at vi har eit bra tilbod, men at dette ikkje er like kjent for mange.

Kyrkja er ein unik samlingsstad for born og unge. Spørsmålet er korleis vi formidlar dette ut.

Etter innleiinga hadde kom soknerådet fram med følgjande innspel og idear:

Bruke profesjonell marknadsførar, og gjerne utfordre nokon frå kyrkjelyden med erfaring og kunnskap om dette til å hjelpe med dette.

Kyrkjelyden viser nestekjærleik, gjestfridom og inspirerer familie, venner, naboar, kollegaer og kjente til å kome til kyrkja.

Rollups, infoskjermar i våpenhuset, men forslag også til infoskjermar på kyrkjekontoret. Sosiale media.

Informasjonsfilm om kva som skjer i kyrkja, utfordre konfirmantar til dette arbeidet.

Bruke Sykkylvsbladet meir aktivt og invitere dei til å skrive reportasjar om dei ulike aktivitetane som skjer i kyrkja.

Lage ein medieplan som spreier reportasjane utover året.

Foto/video-gruppe blant konfirmantane.

Simen kan lage fleire presentasjonsfilmar.

Presentasjonsfilm om kva som skjer i kyrkja frå videokanonane som vert synt før gudstenesta startar.

Presentere ulike "grupper" frå kyrkjelyden i gudstenestene – synleggjere arbeidet – gjerne i samband med offeret

Vedtak: Innspela og ideane tar soknerådet med seg til neste soknerådsmøte for vidare arbeid.